

Pro Invenia AS  
Vestre Rosten 78  
7075 TILLER

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 21/5890 - 22/4018

Saksbehandlar:  
Anne Lise Molvik  
anne.lise.molvik@alver.kommune.no

Dato:  
17.01.2022

## **Dispensasjon frå regulert byggegrense til oppføring av antenne og teleteknisk utstyr - gbnr 445/1 Manger nedre**

**Administrativt vedtak:** **Saknr:** 054/22  
**Tiltakshavar:** Telenor Infra AS  
**Søknadstype:** Søknad om dispensasjon etter plan- og bygningslova (tbl.) § 19-1

### **VEDTAK**

**Det vert gjeve dispensasjon frå regulert byggegrense for oppgradering av antenneanlegg på kommunehuset på Radøy med adresse Radøyvegen 1690 på gbnr 445/1, slik det er søkt om.**

**Grunngjeving går fram av saksutgreiinga.**

**Vedtaket har heimel i plan- og bygningslova § 19-2.**

### **SAKSUTGREIING**

#### **Tiltak**


I samband med Telenor Infra AS sitt arbeid med å oppdatera basestasjonen som er plassert på kommunehuset på Manger, Radøyvegen 1690 på gbnr 445/1, er det søkt om dispensasjon frå regulert byggegrense for utskifting av eksisterande antennen og plassering av teleteknisk utstyr på bygget si nordaustre fasade. Tiltaket vil gi betre dekning og kapasitet i området.

Tiltaket er del av ei større oppgradering av basestasjonen på dette bygget, og omfattar demontering av ei antennen og montering av to nye antennene samt montering av nytt shelter med 3 radioeininger slik det går fram av teikningane under.

Kommunen har vurdert at oppgraderinga er unntatt søknadsplikt etter plan- og bygningslova (tbl) kap. 20, jf. tbl § 20-5 bokstav g), jf. vårt skriv datert 08.09.2021.

Det vert elles vist til søknad jurnalført mottatt 24.11.2021.

## Kart og teikningar



Figur 3: En eksisterende antennen (t.v.) demonteres og to nye monteres (illustrert t.h.) Dimensjon nye antenner h/b/d 1499/508/175 mm (80010964) og 699/395/160 mm (AAU5339w).



Figur 4: Tre radioenheter monteres inne i «shelter» på fasaden, markert i rødt. «Shelter» males i fasadens farge.

## Sakshandsamingsfrist

Søknaden var komplett og klar for håndsaming den 16.06.2021 og frist for sakshåndsaming er 12 veker fra denne dato.

## Planstatus

Eigedomen er omfatta av reguleringsplanen for Manger Sentrum, planid. 1260200700800, der arealet er avsett til offentleg føremål. Tiltaket er vurdert å vera i samsvar med arealføremålet, men delvis i strid med regulert byggegrense mot fylkesveg 5486 Toskavegen.

## Dispensasjon

Det er søkt dispensasjon med slik grunngjøring:

Byggegrensen er mot veg og er vedtatt for å sikre vegens sideareal og ivaretakte interesser knyttet til vegens bruk. Tiltaket plasseres på fasaden av bygningen som står på eiendommen allerede og stikker lite ut fra denne. Tiltaket vil i liten eller ingen grad påvirke funksjonen til vegens sideareal og utsynen med tiltaket er derfor liten. Fordelene med tiltaket er bedre dekning for området rundt generelt og tilrettelegging for 5G-dekning.

## **Uttale frå anna styresmakt**

Søknaden har vore send på høyring til Vestland fylkeskommune som vegstyresmakt. Dei har ikkje gitt uttale.

Vestland fylkeskommune og Statsforvaltaren i Vestland får vedtaket til klageurdering.

## **Nabovarsel**

Tiltaket er nabovarsla. Det ligg ikkje føre merknadar.

## **Plassering**

Plassering av tiltaket er går fram av mottatt flyfoto og illustrasjonar.

## **Privatrettslege forhold**

Heimelshavar av gbnr 445/1 er nabovarsla. Vi legg til grunn at nødvendige privatrettslege forhold er sikra og at det ligg føre løyve frå heimelshavar til å etablera tiltaket.

## **VURDERING**

### **Dispensasjon**

Det er to vilkår som må vera oppfylt for at kommunen kan gje dispensasjon. For det første må dei omsyna som ligg bak føresegna det vert dispensesert i frå, omsyna i loven sin føremålsparagraf eller nasjonale eller regionale interesser ikkje verta vesentleg sett til side. For det andre skal fordelane ved å gje dispensasjon vera klart større enn ulempene, etter ei samla vurdering. Begge vilkåra må vera oppfylt for å kunne gje dispensasjon.

Omsyna bak føresegna det vert dispensesert i frå, omsyna i lova sin føremålsparagraf, eller nasjonale og regionale interesser, må gjera seg gjeldande med ei viss tyngde for at kravet om vesentleg tilsidesetting skal vera oppfylt. Dersom nasjonale og regionale interesser er til stades, men vert vurdert av kommunen til ikkje å vera vesentleg tilsidesett, så skal uttale frå nasjonale og regionale mynde vera ein del av den samla vurderinga av om fordelane er klart større enn ulempene.

Ved dispensasjon frå lov og forskrift skal det leggjast særleg vekt på dispensasjonen sine konsekvensar for helse, miljø, tryggleik og tilgjenge.

Kommunen kan setja vilkår for dispensasjonen. Vilkåra må liggja innanfor ramma av dei omsyna lova skal ivareta, og det må vera ein naturleg samanheng mellom dispensasjon og vilkår, til dømes slik at vilkår så langt som mogleg kompenserer for dei ulepper ein dispensasjon kan medføra.

Byggegrensa mot veg skal ivareta omsynet til drift og vedlikehald av vegen, miljø, sikt og behovet for areal ved eventuell utviding av vegen.

Omsøkte tiltak gjeld dels utskifting og dels nyoppføring av antenner på fasade mot nordaust som vil verta plassert innanfor byggegrensa mot fylkesveg 5486.

Tiltaket medfører berre mindre endring i avstand mellom fasade og veg og vil i lita eller inga grad gje negative verknadar i til drift og vedlikehald av vegen eller sikt. Vi kan ikkje sjå at omsynet til byggegrensa mot veg vert sett vesentleg til side ved å gje løyve slik det er søkt om.

I vurderinga av fordelar og ulepper er det lagt særleg vekt på at tiltaket er ledd i arbeidet med utbygging av nødvendig infrastruktur, og vil sikra god dekning i området og leggja til rette for 5G-dekning. Det er vidare lagt vekt på at tiltaket ikkje vil setja omsynet bak

byggegrensa til side, eller gje andre særskilde ulemper. Fordelane ved å gje dispensasjon vert vurdert til å vera større enn ulempene.

Etter ei samla og konkret vurdering finn kommunen at vilkåra for å gje dispensasjon frå regulert byggegrense er oppfylt.

### **Vurdering etter naturmangfaldslova**

Kommunen har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i [www.naturbase.no](http://www.naturbase.no) og [www.artsdatabanken.no](http://www.artsdatabanken.no) og nyttar rettleiing frå Statsforvaltaren. Kommunen kan ikkje sjå at tiltaket vil kome i konflikt med naturmangfaldslova.

### **Regelverk**

- Dispensasjon er søknadspliktig etter pbl § 19-1.
- Søknad en skal nabovarslast etter pbl § 21-3.
- Alle tiltak etter pbl skal ha gode visuelle kvalitetar i samsvar med pbl §§ 29-2, jf 29-1.
- Kommunen kan gi dispensasjon med grunnlag i pbl § 19-2 andre ledd, men bør ikkje gi dispensasjon når ei direkte råka statleg eller regional styresmakt har gjeve negativ uttale til søknaden, jf. pbl § 19-2 fjerde ledd.
- Kommunen kan setje vilkår for ein dispensasjon, jf. Ot.prp. nr. 56 (1984-85) s 102.
- Kommunen skal ikkje ta stilling til privatrettslege tilhøve, jf. pbl § 21-6.
- Tiltaket må ikkje kome i konflikt med prinsippa i §§ 8-12 i naturmangfaldlova.

### **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

### **Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønsker. Klagen skal grunngjenvæst. Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nyttar fullt ut, jf. fvl. § 27b.

**Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 21/5890**

Med vennleg helsing  
Alver kommune

Are Frøysland Grande  
Avdelingsleiar

Anne Lise Molvik  
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

### **Vedlegg:**

**Vedlegg:**

Situasjonsplan  
tegniner og bilder

**Kopi til:**

Alver kommune ved  
Eigdomsavdelinga  
Telenor Infra AS

Postboks 4      5906

FREKHAUG

Postboks 800      1331

FORNEBU

**Mottakarar:**

Pro Invenia AS

Vestre Rosten 78      7075

TILLER